

Uttale frå HLF Sogn og Fjordane, vedteken på årsmøtet 13. mars 2016

Til:

fylkeskommune Sogn og Fjordane.

Askedalen.

6863 Leikanger.

HLF Sogn og Fjordane er eit av 19 fylkeslag i HLF (Hørselshemmedes Landsforbund). HLF er Noregs største organisasjon for menneske med funksjonsnedsetting med om lag 60 000 medlemmer. 14,5 % av Noregs befolkning over 20 år^[1] har ein hørselsnedsetjing som påverkar kvardagen slik som sosial isolasjon og fråfall frå utdanning og arbeidsliv. Ein del av desse har trong for omfattande rehabilitering, medan andre treng tilrettelegging, hjelpemidlar og kunnskap i å meistre sin kvardag. Gruppa hørselshemma er mangfaldig og stadig fleire vert råka av hørselsnedsetting. Vurderingar viser at det i 2020 vil være om lag ein million av Noregs befolkning som vil ha ei hørselsutfordring.

I dag er det over 200.000 personar som brukar høyreapparat og talet vil auke i åra framover. I prop. 1 S (2015-2016) frå Arbeids- og sosialdepartementet vert det lagt til grunn at fleire personar vil få varig hørselstap på grunn av auka levealder og at fleire unge vil kunne få varig hørselstap grunna støyskader. I 2020 kan ein million nordmenn vere hørselshemma.

I plan- og bygningslova si forskrift (TEK10) er kravet at byggverk for publikum og i rom i arbeidsbygning skal ha lyd- og taleoverføringsutstyr. Likevel veit vi at tilrettelegginga mange stader er mangelfull, enten ved at det manglar utstyr eller at kunnskapen om korleis det skal brukast, er liten. Mange hørselshemma oppsøker ikkje kulturelle arrangement fordi dei tidligare har hatt skuffande opplevingar der dei ikkje har fått med seg det som vert sagt på scena eller i kyrkja. I tillegg vert mange hørselshemma stengt ute frå deltaking i politisk deltaking på grunn av manglande tilrettelegging i kommunestyresalen. Det er et demokratisk problem at ei så stor gruppe risikerer å bli utestengt frå politisk aktivitet. Passivitet, sosial isolasjon og dårlig psykisk helse kan bli ein øydeleggjande konsekvens ved mangel på tilrettelegging.

Noreg har forplikta seg til å sikre hørselshemma same muligheit som andre til å være aktive samfunnsborgarar og delta i kulturtilbod gjennom å innføre diskriminerings- og tilgjengelegheitslova, samt å ratifisere FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).

^[1] Engdahl B, Tambs K, Borchgrevink HM, Hoffman HJ. Screened and unscreened hearing threshold levels for the adult population: Results from the Nord-Trøndelag Hearing Loss Study. *Int J Audiol.* 2005; 44:213-30.
http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content_6496&Main_6157=6263:0:25.6102&MainContent_6263=6496:0:25.6109&Content_6496=6178:50246:25.6109:0:6562:14:::0:0

HLF Sogn og Fjordane oppfordrer [navn på kommune] kommune / [navn på fylke] fylkeskommune til å være ein pådrivar for betre tilrettelegging i offentlige bygninger og sørge for at publikumsbygninger i kommunal/fylkeskommunal eige er tilrettelagt med teleslynge og høgtalar.

Synnøve Solhaugen Engen

Mobil: 91708261 e-post: synnove.engen@eninvest.net